

Minikraftverk i Årdalselva  
i Årdalsdalen, Jølster.  
Vurdering av effektar  
på fisk og fiske.



Harald Sægrov

Rådgivende Biologer AS  
INSTITUTT FOR MILJØFORSKNING

Rapport nr. 206, desember 1995.



# Rådgivende Biologer AS

INSTITUTT FOR MILJØFORSKNING

**RAPPORTENS TITTEL:**

Minikraftverk i Årdalselva i Årdalsdalen, Jølster. Vurdering av effektar på fisk og fisket

**FORFATTAR**

Cand. real. Harald Sægrov

**OPPDRAKSGJEVER:**

Leon Årdal, 6850 Sket i Jølster

**OPPDRAGET GJEVE:**

**ARBEIDET UTFØRT:**

**RAPPORT DATO:**

11. oktober 1995

November-desember 1995

8. desember 1995

**RAPPORT NR:**

**ANTALL SIDER:**

**ISBN NR:**

206

4

ISBN 82-7658-059-9

**RAPPORT SAMANDRAG:**

Det planlagte kraftverket i Årdalselva i Årdalsdalen frå Lovatnet og nedover vil redusere vassføringa på ei strekning på ca 600 meter. Elva renn her braut og strø gjennom eit parti med grov stein, blokker og mindre hølar. Det planlagte kraftverket vil ikkje påverke tilhøva for fiskebestanden i Dalevatnet oppstrøms og kraftstasjonen blir liggjande ovanfor eit vandringshinder for oppvandrande aure frå Jølstravatnet. Det blir lite eller ikkje fiske på elvestrekninga som blir påverka ved eventuell utbygging.

**EMNEORD:**

**SUBJECT ITEMS:**

- Minikraftverk
- Aure
- Jølster kommune

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS  
Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen  
Foretaksnummer 843667082  
Telefon: 55 31 02 78 Telefax: 55 31 62 75



## FØREORD


Rådgivende Biologer as har etter oppdrag frå Leon Årdal, Årdal i Jølster, vurdert kva verknader eit planlagt minikraftverk i Årdalselva nedstraums Dalevatnet i Årdalsdalen kan få på fisk og fiske i elva. Den aktuelle elvestrekninga vart synferen den 5. november 1995 saman med Leon Årdal.

Rådgivende Biologer as. takkar Leon Årdal for oppdraget.

Bergen, 8. desember 1995.

## UTBYGGINGSPLANANE

Kraftverket er planlagt som eit minikraftverk i Årdalselva med inntak i utlaupet av Lovatnet, ca 250 meter nedanfor Dalevatnet i Årdalsdalen. Inntaket ligg ca 320 moh. (UTM 32V LP 583 283). I utlaupet av Lovatnet (eigentleg ei elvelone) er det planlagt bygt ein liten inntaksdam og fr denne vil vatnet bli leia i røyr ca. 600 meter nedover til kraftstasjonen der avlaupet går attende til elva (figur 1).



FIGUR 1: Kartskisse over Årdalselva med innteikna planar for det planlagte minikraftverket.



Nedslagsfeltet er ved inntaket 31,5 km<sup>2</sup> og når opp i 1433 moh. Ein betydeleg del av nedslagsfeltet er høgtliggjande (ca 20 km<sup>2</sup> høgare enn 500 moh.) noko som inneber at vassføringa om våren og tidleg på sommaren er prega av smeltevatn. Resten av året varierer vassføringa med nedbøren og stig og fell raskt. Gjennomsnittleg vassføring gjennom året er 3,1 m<sup>3</sup>/sek og vassføringa er høgast i juni (Olav Osvoll, NVE).

## FISK OG FISKE

Frå den planlagde inntaksdammen i utlaupet av Lovatnet renn Årdalselva bratt og stri nedover gjennom eit parti med storsteina botn og blokker med mindre høljar innimellom. Det grove substratet gjer at gytetilhøva er svært avgrensa eller heilt fråverande. Det blir sjeldan eller ikkje utøvd fiske på denne strekninga.

Aure som vandrar oppover Årdalselva frå Jølstravatnet blir stansa av vandringshinder lenger ned i Årdalen og nedanfor utlaupet frå kraftstasjonen. Kraftverket vil dermed ikkje ha innverknad på aurebestanden i Jølstravatnet. I Dalevatnet ovanfor Lovatnet er det ein overtett aurebestand og det blir no drive uttynningsfiske for å redusere bestandstettleiken. Det er fine gyte- og oppveksttilhøve på elvestrekninga mellom Dalevatnet og Lovatnet og i innlaupselvar til Dalevatnet. Det er totalt sett gode rekrutteringstilhøve for auren i Dalevatnet. Det vart ikkje registrert gytegroper i utlaupet av Lovatnet under synfaringa den 5. november.

## KONKLUSJON

Det planlagte kraftverket i Årdalselva i Årdalsdalen frå Lovatnet og nedover vil redusere vassføringa på ei strekning på ca 600 meter. Elva renn her bratt og stri gjennom eit parti med grov stein, blokker og mindre høljar. Det planlagte kraftverket vil ikkje påverke tilhøva for fiskebestanden i Dalevatnet oppstrøms og kraftstasjonen blir liggjande ovanfor eit vandringshinder for oppvandrande aure frå Jølstravatnet. Det blir lite eller ikkje fiska på elvestrekninga som blir påverka ved eventuell utbygging.